

**Straumbrot sette KBand ut av drift**

04.09.2011

**Nettet til Kvinnherad Breiband AS har vore ute det meste av dagen i dag, søndag.  
Først i 15-tida fekk kundane tilgang til internett, telefon og TV**

Ifølgje breibandselskapet si nettside var det eit straumbrot i Dimmelsvik som førde til problema.

– Serverar og liknande kom tilbake relativt kjapt, men det oppstod også eit rutingproblem på to switsar, som gjorde at ting desverre ikkje fungerte tilfredsstillande. Dette problemet er no funne og løyst og ting skal fungera normalt igjen, opplyser KBand, som seier seg leie for dei problema dette har ført til for kundane. Også uskedalen.no vart ramma og vår produksjon er difor kraftig forseinka denne dagen.